



Pressemelding 27. oktober 2020

Ingen nye smitta på Sæbø skule

Elevar og tilsette som har vore tett på dei to smitta er testa og «friskmeldte».

Alver kommune stengte skulefritidsordninga og 1.-3. klasse på Sæbø skule etter at to tilsette fekk på vist koronasmitte sist veke.

SFO og dei yngste klassetrinna er stengt ut veka.

– Eg er glad for at smitten ikkje har spreidd seg til fleire. Det betyr at tilsette og elevar i 1.-3. klasse, kan komme tilbake til skulen måndag 2. november, seier kommunalsjef for oppvekst, Kristin Moe.

Dei som har fått status nærkontakt og er i karantene, skal vere heime ut karantenetida si.

Kontaktpersonar

- Kristin Moe, kommunalsjef for oppvekst
Mobil: 988 57 205